

## **Årsmelding Minihandball og Allidretten 2012/2013**

Dale vidaregåande skule har hausten 2012 og vinteren 2013 hatt ansvaret for gjennomføringa av Minihandballen og Allidretten i Dale kvar onsdag 17.00-18.00(AI) og torsdag frå 18.00 – 19.00(MH). Dette er noko skulen (lærarar og elevar) har sett på som ein nyttig arena for å kunne gje elevane kompetanse i å verte betre idrettsleiarar/instruktørar. Elevane har vore inndelt i grupper på tre elevar som har hatt ansvar for planlegging og gjennomføring av treningane. På den måten har dei fått nyttige(både gode og mindre gode) erfaringar i det å drive organisert idrett for ungar i førskulen og småskulen.

Attendemeldingane frå vaksne/foreldre som har vore tilstade på treningane har vore einsretta positive då dei har sett p treningane som godt planlagde og flott gjennomførte. Skulen håpar å kunne tilby dette faget til elevane annakvart år og ser difor fram til å kunne føre samarbeidet vidare haust og vinter 2014.

Stian Neset

- Faglærer Dale vgs